



RiLi Eiendom AS
Rossnesvegen 71
5937 BØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1532 - 16/11574

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:
12.09.2016

Oppmålingssak Gbnr 45/467 - Manger - Begjæring om oppdeling i eigarseksjonar

Delegasjonssak nr.: 267/2016

Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om seksjonering av tomannsbustad på gnr.45 bnr.467, Urhaugvegen Manger. Igangsetjingsløyve til oppføring vart gjeve den 26.06.2015 i sak 14/2728. Huset ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplan for Radøy er definert som bustadområde. Formålet med bruken er soleis i tråd med overrnda plan.

Bodene som vist på teikning er ein del av seksjonane, og er ikkje tilleggsareal bustad som det er kryssa av for i begjæringa. Dette er retta i skjemaet etter telefonsamtale med Øystein Rikstad.

Seksjoneringsbegjæringa, søknaden, er levert inn med vedtekter som stettar krava, situasjonsplan og planteikningar. Utearealet skal vera felles.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglementet for Radøy kommune vert det gjeve løyve til seksjonering av tomannsbustad på gnr.45 bnr.467. Seksjoneringa vert godkjent på grunnlag av framlagte teikningar, situasjonsplan og vedtekter.

Vedtaket har heimel i lov om eigarseksjoner § 9.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt oppmålingsingeniør Kjartan Medaas.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjartan Medaas
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Begjæring

Mottakere:
RiLi Eiendom AS

Rossnesvegen 71 5937

BØVÅGEN